

## Spelemidlar til ordinære nærmiljøanlegg – 2005 (V-0795 N)

### Orientering om tilskotsordninga

#### 1. Innleiing

Denne foldaren er utarbeidd på bakgrunn av bestemmingane til Kultur- og kyrkjedepartementet i "Om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2005" (V-0732).

#### 2. Krav til søkeren

Søkjarar om tilskot av overskotet av spelemidlane til nærmiljøanlegg kan vere kommunar, fylkeskommunar, idrettslag eller organisasjonsledd i NIF, velforeiningar, burettslag eller andre samanslutningar.

For samanslutningar må vedtekten godkjennast på førehand av fylkeskommunen. Dette gjeld ikkje idrettslag eller organisasjonsledd i NIF, velforeiningar og burettslag. Ein legg vekt på om vedtekten har eit innhald som sikrar idretten og/eller det offentlege kontroll med eigarforhold og drift.

Det er eit grunnleggjande prinsipp at tilskot frå spelemidlar ikkje skal vere grunnlag for fortenevestebaserte eigarformer eller gjerast om til forteneste for private eigarar.

Søkjarar må ha tinglyst eigedomsrett til grunnen under anlegget, tinglyst festerett til grunnen under anlegget eller tinglyst leigeavtale på minst 20 år. Dette gjeld ikkje kommunale eller fylkeskommunale søkerarar, og heller ikkje der anlegget er plassert på kommunal eller fylkeskommunal grunn. Kopi av tinglyst feste- eller leigeavtale og kopi av stadfest grunnboksutskrift skal følgje søknaden.

#### 3. Definisjon

Nærmiljøanlegg er anlegg eller område som er lagde til rette for eigenorganisert fysisk aktivitet og gjerne ligg i tilknyting til bustad- og/eller opphaldsområde.

Områda skal vere fritt allment tilgjengelege og laga for eigenorganisert fysisk aktivitet, først og fremst for barn og ungdom, men også for lokalbefolkinga elles. Nærmiljøanlegg skal ikkje dekkje behovet for anlegg til organisert idrettsleg aktivitet eller ordinære konkurransar i idrett.

Nærmiljøanlegg kan plasserast i tilknyting til eit skoleanlegg og/eller eit idrettsanlegg. Ved samlokalisering med idrettsanlegg gjeld – som nemnt ovanfor – at nærmiljøanlegget skal vere for eigenorganisert fysisk aktivitet. Anlegg ved skolar skal stå opne etter skoletid.

#### 4. Tilskotssum og tilskotsgrense

Grunnlag for tilskot er avgrensa oppover til kr 400 000. Den nedre godkjende kostnadsramma er kr 80 000.

Det kan bli gitt tilskot på inntil 50 % av godkjend kostnad, avgrensa oppover til kr 200 000. Tilskotssummen må vere større enn kr 40 000.

Ein kan søkje om spelemidlar i inntil tre omgangar (tre byggjesteg). Den maksimale tilskotssummen til ein einskild anleggsstad er dermed kr 600 000 (godkjend kostnad kr 1 200 000).

Særlege tilskotssatsar gjeld ikkje for nærmiljøanlegg.

Det samla statlege tilskotet kan ikkje komme over 50 % av godkjende kostnader. Summen av offentlege tilskot (kommunale midlar, fylkeskommunale midlar og statlege midlar, inklusive spelemidlar) kan ikkje bli ein høgare sum enn kontantutgiftene i det godkjende kostnadsoverslaget.

## **5. Anleggstypar og element med rett på tilskot**

Desse anleggstypane og elementa har rett på tilskot innanfor nærmiljøanleggsordninga:

- Fleirbruksområde, inntil 2400 m<sup>2</sup>. Alle typar underlag (lagde til rette for til dømes ballspel, hopp, løp, kast og turnaktivitetar)
- Skileikanlegg
- Bane for skateboard, rullebrett og inline hockey
- Hoppbakkar med mindre HS enn 20 m
- Turstig og turløype lengre enn 500 m
- Mindre skibakke med høgdeskilnad under 30 m
- Utandørs klatrevegg og buldrevvegg
- Ballvegg og ballbinge
- Streetbasketanlegg
- Løype for BMX, Offroad og Trick og ferdighetsløype
- Kunstisflate (min. 1200 m<sup>2</sup>, maks. 2400 m<sup>2</sup>)
- Nærmiljøkart
- Vatningsanlegg og vasskum i tilknyting til balløkker og flater for islegging til skøyteaktivitetar vinterstid
- Sandvolleyball
- Faste bordtennisbord
- Godkjende minimålbur
- Nettstativ
- Stativ for basketball
- Lysanlegg
- Vant
- Mindre golfanlegg (inntil 6 hol, lengd inntil 250 m). Anlegga bør leggjast til rette for til dømes skileik om vinteren

Det blir understreka at anleggseigaren har ansvar for tryggleiken ved anlegga.

## **6. Tekniske krav**

Den tekniske oppbygginga av areal for nærmiljøanlegg bør mest mogleg følgje gjeldande tilrådingar for teknisk oppbygging av tilsvarande ordinære idrettsanlegg. Det er også utarbeidd eigne rettleiarar for ein del anleggstypar, til dømes skileikanlegg og sandvolleyballbanar. Det er tilrådd at ein bruker desse ved utforminga av anlegga. For nærmiljøkart tilrår ein at ein følgjer kartnorma til Norges

Orienteringsforbund. Elles visast det til "Idéhefte for tilrettelegging for uteaktivitetar i nærmiljøet – i skole og fritid. Eksempler på løsninger".

Planar skal godkjennast på førehand i kommunen før byggjearbeidet blir sett i gang. Vi vil understreke at aktivitet i nærmiljøanlegga fører til støy som kan vere sjenerande for naboar. Planane bør derfor vurderast spesielt i høve til reglane i plan- og bygningslova for plassering av slike anlegg.

## **7. Nærmiljøanlegg i kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet**

Nærmiljøanlegg med ei kostnadsramme på over kr 80 000 skal takast inn i den årlege kommunale rulleringa av planen.

Det ingen føresetnad at nærmiljøanlegg med ei samla kostnadsramme på under kr 80 000 er første opp i handlingsplanen. Slike anlegg bør likevel vere omtalte ein annan stad i planen.

### **Generelle kommentarar**

Det blir oppfordra til dialog mellom lokale frivillige organisasjonar, til dømes idrettslag, og skolen når ein skal bygge nærmiljøanlegg i tilknyting til uteareal ved skolen. Dette kan vere eit ledd i utviklinga av gode sosiale møteplassar i lokalsamfunna.

## **8. Krav til søknaden - saksgangen**

Søknaden skal leverast på komplett utfylt søknadsskjema for nærmiljøanlegg (V-0081). Dette får ein ved å vende seg til kommunen. Søknaden må vere fremma til kommunen innan den fristen som er fastsett i kvar kommune. Kommunen saksbehandlar og prioriterer alle søknadene før dei blir sende over til fylkeskommunen innan 15. januar. For seint innkomne søknader blir ikkje godkjende.

### **Aktuelle publikasjonar**

V-0732      Om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - 2005

Idéhefte for tilrettelegging for uteaktivitetar i nærmiljøet – i skole og fritid. Eksempler på løsninger.

Heftet kan du kjøpe ved å vende deg til Idrettsbutikken,  
[www.idrettsbutikken.no](http://www.idrettsbutikken.no)

r i Öäi-i-î=  
hì äi èJ-çö-âóëåäEÇÉé~ëiÉä ÉåíÉí=  
fÇëÉíïë-î ÇÉääÖ~  
mçëiÄçäë=UMPMa ÉéI-MPMH ääç=  
qäW00-0Q-VMVMH-00-0Q-UMSQ=  
ÉéçëiWÇëÉíë-î ÇÉääÖÉä] âåÇKÇÉéåç=  
mì Äää-ëäçäëå ã ã Éë-sJMVR-k=